



venstre

Fjaler Venstre - årsmøtet 27.01.2013

## RESOLUSJON

### **HAFS treng Dale vid. skule!**

Den vidaregåande skulen i Dale er den einaste i sitt slag i Hafs-regionen. Dersom fylkespolitikarane i Sogn og Fjordane legg ned skulen og fjernar Hordalands-avtalen, kan resultatet bli ein skulefri region frå Knarvik til Førde. Ein region utan tilbod om vidaregåande utdanning vil få svære vanskar med rekruttering, nyskaping og tilflytting.

Store samferdsle-ressursar er brukte siste åra for å betre infrastrukturen og skape eit større felles bu-, utdannings- og arbeidsområde i Hafs-regionen. Dale har lange tradisjonar som skulestad. Dale vidaregåande har ein stabil og dyktig stab, eit godt sosialt læringsmiljø – og leverer gode faglege resultat. Skulen kan også vise til eit konstruktivt samarbeid med næringslivet i regionen. Bygningsmassen er dessutan ny og moderne.

Eit framtidig samarbeid mellom Dale vid. skule og UWC Røde Kors Nordisk i Fjaler er eit spanande senario. Dette vil også vere med å styrke det totale utdanningstilbodet i Sogn og Fjordane.

Hybellivet passar for nokre, men langt frå alle, og bør difor vere frivillig. Ein skulefri region frå Knarvik til Førde vil tvinge store elevgrupper ut i eit ufrivillig hybelliv – og samtidig tømme mange kommunar for ungdom mellom 16 og 19 år. Dette vil vere eit uakseptabelt tilbakeslag for kystområda i Sogn og Fjordane.

Fjaler Venstre krev såleis at fylkestingsgruppa til Venstre arbeider for å oppretthalde Dale vid. skule med eit framtidig godt og tenleg utdanningstilbod.

Til **fylkesleiar/fylkesutvalsmedlem Marit Barsnes Krogsæther**  
**medlem i hovudutval for opplæring Alfred Bjørlo.**  
**Sogn og Fjordane Venstre v/sekr. Linda Ness Rotihaug**  
**avisa «Firda»**  
**ordførar i Fjaler Arve Helle**